



Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen

Møteinkalling

Utval: **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen
nasjonalparkstyre**

Møtestad: Teams

Dato: 29.04.2025

Tidspunkt: 08:45

Eventuelt forfall må meldes snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Etter avtale med styreleiar Leif Solemsli blir det med dette kalla inn til eit Teamsmøte i Arbeidsutvalet for behandling av to hastesaker.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/2025	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 2/2025	Jotunheimen NP - dispensasjon - 2025 - Tilrettelegging av uteareal - Gjendebu turisthytte - DNT Oslo og Omegn		2025/4300
ST 3/2025	Utladalen LVO - Dispensasjon - Tiltak i Skåri - 2025 - Utladalen nasjonalparksenter		2025/4291

ST 1/2025 Godkjenning av protokoll/innkalling

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2025/4300-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 23.04.2025

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	2/2025	29.04.2025

Jotunheimen NP - dispensasjon - 2025 - Tilrettelegging av uteareal - Gjendebu turisthytte - DNT Oslo og Omegn

Innstilling fra forvaltar

DNT Oslo og Omegn får med hjemmel i § 3 pkt. 1.3 b) i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark dispensasjon for tilrettelegging av utearealet ved Gjendebu turisthytte.

Tillatelsen omfatter legging av skifer på gangareal gjennom tunet og på nedsida av turisthytta, samt på gangsti ned mot sjølvbetjeningshytta vest for sovehuset, jf. kartskisse som følger søknaden. Utførelse skjer med følgende vilkår:

1. Gravearbeid og tilrettelegging avgrenses til arealene som i dag er opparbeida som gruslagt gangareal, samt på stien ned mot sovehuset.
2. Skifer uten jevnt kutta kanter vil være i samsvar med tradisjonell stil. Mellom skiferhellene kan det legges torv/overflatemasser som blir til overs i forbindelse med graving for nytt renseanlegg. Det skal ikke såes til med tilført frømateriale.

Dispensasjon for bruk av gravemaskin blir gitt med hjemmel i naturmangfoldlovas § 48, første ledd. Bruk innen et begrenset område preget av tidligere bygge- og gravearbeid blir ikke vurdert å gå ut over verneformål og verneverdier, forutsatt at arbeidene utføres i tråd med punktene over.

Det blir med hjemmel i § 3 pkt. 6.3 l) gitt tillatelse til bruk av traktor og henger for nødvendig transport langs vegen fra brygga og i forbindelse med gravearbeid innen bedriftsområdet.

Dispensasjon for transport av skifer fra Gjendesheim til Gjendebu blir gitt med hjemmel i naturmangfoldlovas § 48 første ledd, og gjelder for bruk av beitelagets lekter på Gjende. Transporten planlegges gjennomført i slutten av mai, så snart Gjende blir isfritt. Transporten vil ikke gå ut over verneformål og verneverdier. Lekteren skal også benyttes for transport i forbindelse med bygging av renseanlegg, og transportoppdragene samordnes med tanke på konsentrert gjennomføring og færrest mulig turer.

--- slutt på innstilling ---

Dokumenter i sak

- Søknad ved e-post av 02.04.2025 fra DNT Oslo og Omegn v/ Håvard Skjerven Amlien.

Saksopplysninger

DNT Oslo og Omegn søker om slik tilrettelegging av utearealet ved Gjendebu:

«Viser til tidligere gjennomgang av forslag til utomhusplan på Gjendebu.


Vedlagt forslag hvor det er markert tråkkstier med bruddskifer.

Dagens grusdekte areal mellom hovedbygningen og karstugu er det tenkt erstattet med tråkkheller med eks stedlig torv mellom skiferhellene og på hver side av hellegangen. I tillegg er det planlagt å legge en tråkksti på nedsiden av sovehuset.

Det er tenkt å benytte å dovreskifer, skiferen er tenkt lagt i sin naturlige form, slik at det vil bli større og mer naturlige fuger enn vist på vedlagte bilder.

Mellom skiferhellene og i er det tenkt å benytte torven som blir fjernet i forbindelse med omlegging av veien og etablering av renseanlegget.»

Planskisse vedlagt søknaden viser områdene for skiferlegging:



Vedlagt søknaden er eksempelfoto av Dovreskifer, men hellene skal legges med «større og mer naturlige furer enn vist på vedlagte bilder»:



Hjemmelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhold av styrevedtekter, sist revidert 19.01.2024.

Nasjonalparkstyret har i sak 36/2024 vedtatt delegeringsreglement som åpner for at Arbeidsutvalget kan behandle i hastesaker som gjelder «*mindre tiltak som t.d. fasadeendring og mindre vesentlige terrenginngrep eller tilpassingar på eksisterande bygg og anlegg*».

Saka behandles som hastesak, da det vil bli vanskelig å få utført arbeidene før turistsesongen dersom en skal vente med behandling til første møte i møteplanen 13.06.25.

Verneformål – forskrift

Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.1 har vern mot inngrep i landskapet:

1.1 Vern mot inngrep i landskapet

«Området er verna mot inngrep av ein kvar art, medrekna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, riving av bygningar, parkering av campingvogner, bobil, maskiner og liknande, opplag av båtar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, fjerning eller øydelegging av biologisk og geologisk materiale i grotter, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrkning, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmande.»

Forvaltningsmyndigheten kan med hjemmel i 1.3. b) gi løyve til: «Oppføring av nye bygningar og innretningar som er naudsynte for drifta av turisthytter i nasjonalparken i samsvar med forvaltningsplan.»

Forvaltningsmyndigheten kan med hjemmel i § 3 pkt. 6.3 gi løyve til motorferdsel:

«f) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer, anlegg og innretningar.

I) Bruk av traktor på traktorvegar for transport av varer og utstyr til drifta av turisthyttene Memurubu og Gjendebu.»

Bruk av gravemaskin og motorisert transport med båt/lektar på Gjende er ikke blant de spesifiserte formålene i § 3 pkt. 6.3 i forskriften, og må behandles etter den generelle dispensasjonshjemmelen, som er avløst av naturmangfoldlova § 48.

Naturmangfoldlova

Naturmangfoldlova § 48 setter svært strenge krav til når en dispensasjon eventuelt kan vurderes, men åpner for tiltak som «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Begge vilkår må være oppfylt. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikke brukes for å utvide rammene gitt i verneverdiket, men er en sikkerhetsventil som skal fange opp uforutsatte eller spesielle tilfeller som ikke var vurdert på vernetidspunktet.

Søknaden blir også vurdert etter de miljørettslige prinsippene i naturmangfoldlova §§ 8-12.

Forvaltningsplan (veiledende utkast fra 2008)

Forvaltningsplanutkastet deler verneområdene i ulike soner, etter tilretteleggingsgrad. Gjendebu ligger nær teig 5 i såkalt brukssone, omtalt i kap. 6.3.2: « - - -Brukssone gjeld alt areal i nasjonalparken utanom vernesona, med unntak av nokre små område som er definerte som soner med spesiell tilrettelegging og inngrep.

--- Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern. ---»



Kap. 8.2 TURISTHYTTER OG ANDRE HYTTER, BUER OG NAUST har følgende føringer:

«Retningslinjer:

Det vil i utgangspunktet ikkje bli gjeve løyve til nye bygg utover dei som det tidlegare (i samband med handsaminga av vernevedtaket) er gjeve løyve til.

Alle nybygg, utvidingar og vedlikehald skal utførast i tradisjonell og lokal byggestil og på ein slik måte at det i minst mogleg grad bryt med natur- og kulturlandskapet og eksisterande bygg i området.»

Presedens

Det er tre større turistbedrifter i nasjonalparken; Gjendebu, Glitterheim og Memurubu. Omsøkt tilrettelegging ved Gjendebu blir ikke vurdert å skape presedens, da utearealene hos alle har opparbeida arealer der det er særlig stor tråkkslitasje.

Vurdering

Omsøkt tilrettelegging gjelder en endring innen allrede opparbeida tunareal. Endring fra grus /singel til skifer påvirker ikke landskap eller naturmangfold i nevneverdig grad. Bildet under viser ferdelsåren gjennom tunet, der det i dag er grusdekke (og på noen områder senere påført singeldekke):



Det er planlagt brukt bruddskifer av dovreskifer. Eksempelbildene som er vedlagt søknaden viser ganske lyse og ensarta heller. I telefonsamtale med bestyrer på Gjendebu den 22/4-25 blir det imidlertid opplyst at det vil bli brukt grove heller med et røffere uttrykk for å gi flatene et mest mulig naturlig preg. Forvaltningsplanen legger føringer for utførelse i «*tradisjonell og lokal byggestil*». Lokalt har det vært tradisjon for bruk av skifer på gårdsplasser. Det vil være viktig å ha en utforming som gir mindre preg av «bypark» enn det som er vist i de vedlagte fotoeksemplene, da skifer uten jevnt kutta kanter vil være mer i samsvar med tradisjonell stil.

Transport av skifer er planlagt utført med beitelaget sin lekter på Gjende, og samordnes med transport til nytt renseanlegg. Transporten utføres før turistsesongen, og en tillatelse til skifertransport og nødvendig motorferdsel for gjennomføring av vil ikke være i strid med verneformål eller berøre verneverdier. Gravemaskin og annet tilgjengelig utstyr som traktor og tilhenger kan benyttes til utførelsen, men det skal ikke kjøres i naturterrenget ovenfor gangvegen gjennom tunet.

Vurdering av hvordan inngrep og motorferdsel vil virke inn på naturmiljøet, jf. naturmangfoldlovas §§ 8-12.

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Vegetasjonen i området er godt kartlagt i rapport 2012:34 fra Miljøfaglig utredning. Verdifulle naturtyper eller rødlistearter vil ikke bli berørt, da skiferlegginga bare vil omfatte allerede opparbeida eller opptråkka arealer. Transport på Gjende i langsomt tempo vil ikke påvirke registrert fugleliv i vesentlig grad.

§ 9 Føre-var prinsippet: Skiferlegginga er lokalisert innen område som allerede er berørt av eksisterende bygg og tidligere terrenigarbeider. Naturlig vegetasjon vil i liten grad bli berørt, og de særlig verdifulle vegetasjonstypene på øvre del av bedriftsområdet forblir intakte.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Forvaltninga følger en generelt streng praksis når det gjelder inngrep i landskapet, men her vil det bare være snakk om en intern oppgradering av allerede opparbeida utearealer. Motorferdsel samordnes med transport i forbindelse med nytt renseanlegg. Bruk av lekter på Gjende påvirker i liten grad naturmiljø og andre brukerinteresser. Transporten vil forgå i god avstand til fuglelokalitetene i skogen og våtmarksområdet vest for Gjende, og det langsomme tempoet gjør at heller ikke ender og andre vannfugl som måtte befinne seg på innsjøen vil bli merkbart forstyrra.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver: ikke relevant.

§ 12 Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetode: Overflatemasser fra berørte arealer for nytt renseanlegg er planlagt brukt i fuger mellom skiferhellene for å gi arealet et litt mykere og grønt preg. Det skal ikke såes til med tilført frømateriale.

All transport må planlegges godt for å unngå unødig motorferdsel og kjøring utenom internveger og områder med godkjente inngrep.

Konklusjon:

Steinlegginga berører ikke urørte arealer, og tilrettelegginga samordnes med transport og bygging av renseanlegg. Samla belastning blir vurdert som akseptabel.

Andre opplysninger

Motorferdsel vil i enkelte tilfeller også kreve behandling av kommunen som myndighet etter motorferdsellova. For transport på Gjende har Vågå kommune følgende regel i kommunal forskrift til motorferdsellova av 04.03.1997/rev.11.03.2014, pkt. 3 b): «*På Gjende gjeld ikkje reglane i pkt. a for rutebåt «Gjendebåtane», båtferdsel som er heimla i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, samt gjeldande dispensasjoner frå verneforskrifta.*» (vår understrekning). Med gjeldande dispensasjon frå verneforskrifta vil det dermed ikkje vera krav om kommunal behandling av transporten med feflåten.



Arkivsaksnummer: 2025/4291-2

Saksbehandlar: Eldrid Nedrelo

Dato: 23.04.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	3/2025	29.04.2025

Utladalen LVO - Dispensasjon - Tiltak i Skåri - 2025 - Utladalen nasjonalparksenter

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev Utladalen nasjonalparksenter løyve til

- Oppføring av ein enkel sitjebenk utanom slåtteenga (tiltak 1, med ny plassering).
- Etablering av to husker i trea over bekken (tiltak 2). Huskene blir hengande i stokk mellom trea, slik at trea ikkje blir skada.
- Etablering av ei enkel barnezipline (tiltak 3) frå eitt tre til eit anna (tiltak 3), max 30 m lang. Ziplinen skal monterast slik at den ikkje skadar trea på staden.
- Bolting av enkle klatretak på den store steinen i området (tiltak 4, jf. kart vedlagt søknaden).
- Etablering av balansebommar (tiltak 5) som blir liggande laust på bakken, og som korte stokkar ned i bakken som borna kan hoppe mellom, mellom huskene og klatresteinen.
- Utskifting av brua (tiltak 6), slik at ho får universell utforming. Ny bru vil vere 1,5 m brei, om lag 2 m lang og skal ha rekkverk på eine sida.
- Etablering av sporstasjon i ei sandkasse med benk og formidlingstavle (tiltak 7). Sandkassa skal plasserast ved det eine epletreet ved Folkevegen.
- Etablering av natursti i randsona til slåtteenga slik det går fram av kartet i søknaden.
- Lokalisering av tiltaka, unntake tiltak 1, er slik det går fram av kartet nedanfor:



Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ. Det er lagt særleg vekt på at gjennomføring av tiltaka ikkje vil påverka verneformålet og verneverdiane nemneverdig, og at nasjonalparksenteret ikkje har tilgang til alternative areal for gjennomføring av tiltaka utanfor landskapsvernombordet.

Dispensasjonen blir gjeven med følgjande vilkår:

- Etablering av tiltaka skal vere i samsvar med opplysningar gjeve i søknaden.
 - Nærare plassering av sitjebenk (tiltak 1) avklarast med forvaltar.
 - Alle tiltaka skal vere reversible eller flyttbare (slik det går fram av søknaden).
 - Dersom det syner seg at tiltaket medfører ferdsel eller slitasje i slåtteenga kan forvaltinga krevje tiltaka fjerna eller flytta.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad om mindre tiltak kring Utladalen nasjonalparksenter ved e-post av 04.04.2025 frå Utladalen nasjonalparksenter

Saksopplysningar

Søknad om mindre tiltak kring Utladalen Nasjonalparksenter


«Naturhuset i Utladalen fekk vinteren 23/24 autorisasjon som besøkssenter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Naturhuset vert difor no kalla Utladalen Nasjonalparksenter. I autorisasjonen som besøkssenter er det sett krav til meir formidling retta mot born og unge, og det er behov for å gjera nokre mindre tiltak på uteområde for å utvikle naturformidlingsopplegg og aktivitetar for denne aldersgruppa.

.. Det vert difor med dette søkt om å få gjennomføre følgjande mindre tiltak på uteområdet ved nasjonalparksenteret.

Skildring av tiltaka:

Føremålet med tiltaka er å legge til rette for å ta i bruk uteområde ved nasjonalparksenteret til meir aktivitet og formidling for born og unge. Tiltaka omfattar små tiltak, som enkelt kan fjernast eller flyttast på seinare. Alle tiltaka ligg i område som allereie er omfatta av skjøtsel og tilrettelegging på uteområdet vårt. Tiltaka omfattar ikkje riving eller varige endringar i naturen. Alle tiltak vert planlagd med naturmateriale og lokale verksemder vert nytta til utføring, i tillegg til dugnadsinnsats.

Kart som syner tiltaka sin plassering:



Tiltak 1 - sittebenk

Me har eit tre på slätteenga vår, som ligg langs sti til bekken. Her er det ynskjeleg å byggje ein enkel sittebenk rundt treet. Benken skal vera i enkel tremateriale, utan rygg, og ikkje vera montert i treet, men rundt. Tiltaket vil ikkje føre til skadar på treet, og kan enkelt fjernast eller endrast på seinare. Treet er plassert ved stien som går til bekken, og er då med på å kanalisere ferdsel utanfor slätteenga. Lavvoen som brukar stå på området, vert plassert rett vest for treet, og treet vert då eit naturleg skilje mellom området for aktivitet og ferdsel og område som er viktig naturtype slåttemark. Det kan og vera aktuelt å festa ei enkel skiltavle som skildrar skjøtselen på slåttemarka.



Bilete som syner treet der sittebenken er planlagd

Tiltak 2-6 - aktivitetsområde for born

I området over bekken er det ynskjeleg å lage til eit veldig enkelt aktivitetsområde for born i hovudsak naturmateriale, som stimulerar til aktivitet for born og unge, i tillegg til naturformidling. Alle tiltaka vert utforma slik at dei kan fjernast eller flyttast enkelt, og slik at dei ikkje gjer nokon skade på naturen i området.

Det er ynskjeleg å lage 2 husker i trea over bekken (2), som vert hengande i stokk mellom trea, slik at ikkje trea vert skada. Det er og ynskjeleg å lage ein enkel barnezipline fra eit tre til eit anna (3), der firmaet "Høyt og lavt" vert engasjert til å lage denne slik at den er trygg, og ikkje skadar tre som den vert montert i. Dei har spesialkompetanse på dette etter etablering av klatreparkar rundt om i heile Noreg. Ziplinen vert hengande rett over bakken, og vert ikkje meir enn max 20-30 m lang (enkel og kort barnezipline). Me har ein større stein i dette området, som det er ynskjeleg å lage enkle klatretak i (4), som gjer at borna må klatre rundt eit par av sidene på steinen (ikkje oppå). Klatretaka må boltast i steinen. Det er allereie bolta nokre metallstenger i denne steinen, som me er usikre på kva hensikten bak er. Desse kan me fjerne. Mellom huskene og klatresteinen er det planlagd nokre balansebommar (5) som blir liggjande laust på bakken, og som korte stokkar ned i bakken som borna kan hoppe mellom. For å sikre at personar kan komme til med rullestol, og familar kan ta med barnevogn over bekken, er det planlagd å skifte ut bruva som allereie er her med ei litt betre bru med lite rekkverk på ei side (6). Brua vert då om lag 1,5 m breid, og om lag 2 m lang. Dette er omtrentleg same mål som på bruva som er der i dag, berre at denne er i dårlig stand. Den nye bruva vert som ei klopp over bekken, og det skal ikkje murast eller gjerast tiltak i bakken, anna enn å leggje skifer eller liknandestein i endane for å beskytte bruva for fukt i bakken.



Bilete syner ”klatrestenen” og trea i forkant. I trea er det planlagd å henge eit par husker, som då blir hengt opp i stokkar mellom trea, for å unngå skader på tre.



Bilete syner eksisterande bru, som ikkje er tilfredstillande stand i forhold til rullestol og barnevogn. Ny bru vert laga på same stad, men vert tettare og med rekkverk på eine sida.

Tiltak 7 – sporstasjon

Me har engasjert Bjørn Henrik Johansen ("Naturveilederen" på SoMe) til å utvikle eit enkelt formidlingsopplegg for oss på uteområdet, som skal omhandle sporteikn i naturen vår. Denne er planlagd som ei sandkasse med benk og formidlingstavle, der born og unge kan lage ulike spor og sporrekker i sanden med sporsetter, og lese om ulike sporteikn til dyr. Sandkassa er planlagd plassert ved eine epletreet ved Folkevegen, slik at alle som går forbi senteret vårt ser denne sporstasjonen og kan ta den i bruk. Me meiner sporstasjonen er eit viktig formidlingsopplegg hjå oss, og at sporteikn er noko som engasjerer publikum og er lærerikt og spennande for born og unge å ha kunnskap om. Me har planlagd å bruke sporteikn frå dyr som finst i nasjonalparken og landskapsvernombordet. Sporstasjonen er flyttbar og reversibel, og vert plassert i eit område som er i utkant av slåttemarka. Området har tidlegare vore delvis parkeringsplass. Sjå vedlegg for meir skildring av sporstasjonen.



aka

Bilete syner området for sporstasjonen ved epletreet lengst til høgre.

Naturstien

Det er planlagd ein liten natursti i området, spesielt retta mot små born, merka gult i kartet over. Denne er planlagd som ein kombinasjon mellom små kikkhol i gjenstandar og formidlingsopplegg kring blant anna livet i bekken, skjøtselen, dyra som lev i utmarka og rovdyr. Naturstien er ein forlenging av eit formidlingsopplegg for born og unge inne i utstillinga, der kikholt og spor er eit delprosjekt retta mot born og unge. Hovudpersonane i formidlinga for born og unge er Herr Lemen og Fru Mus som er figurar som borna vil finne både inne og ute. Naturstien blir planlagd slik at den er flyttbar og reversibel, utan spor i terrenget. Naturstiplakatane vil bli hengt opp på eksisterande bygg og gjerdingar, og vil vere små og enkle.

Alt som vert utvikla av formidlingsopplegg, plakatar og informasjon vil følgje designmanualen til Norges nasjonalparker, både i form av språk, design, fargeval osv.»

Andre opplysningar

I telefonsamtale med forvaltar den 11. april opplyser søker om at dei ønskjer å setta opp ein ferdselsteljar i bakken nord for fjøsen. Teljaren blir sett på ein staur eller festa til eit tre på ein måte som ikkje skadar treet.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhold av vedtekter revidert pr. 19.01.2024.

Saka blir behandla som hastesak, då det vil bli vanskeleg å få utført tiltaka før turistsesongen dersom ein skal vente med behandling til første møte i møteplanen den 13.06.25.

Verneformål – forskrift

§ 1 Formål

Formålet med landskapsvernområdet er å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknyting til Jotunheimen nasjonalpark.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- eit naturområde med eit rikt dyre- og planteliv som pregar dette.
- eit eigenarta, ope og vakkert natur- og kulturlandskap med høgfelli, brear og geologiske avsetningar der kulturlandskapet med beitebruk, gards- og stølsbygningars og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- naturmangfald som pregar landskapet med naturtypar frå lågland, dalar og skogslier til høgfjell og artar knytte til desse.
- ---

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3. Vernereglar

§ 3 pkt. 1.1 i verneforskrift for Utladalen landskapsvernombordet set eit generelt forbod mot inngrep i landskapet:

I landskapsvernombordet må det ikkje gjerast tiltak som kan endre det verna landskapet sitt særpreg eller karakter vesentleg. Det skal leggjast vekt på den samla verknaden av tiltak i området. I landskapsvernombordet er det innafor ramma av vernereglane høve til å utøve landbruk, friluftslivturiisme, jakt og fiske, undervisning og forsking.

1. Landskapet

1.1 Inngrep i landskapet

Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt særpreg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskriften pkt.1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, parkering av campingvogner, bobil, maskinar og liknande, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil, uttak og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrelenging, nydyrkning, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, riving av bygningar som pregar landskapet sitt særpreg og karakter, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmande.»

Det er ikkje nokon spesifisert heimel i verneforskrifta for tilrettelegging for barn og unge knytt til nasjonalparksenter som ligg innanfor verneområdet eller for oppføring av ferdselsteljarar, og søknaden må derfor behandlast etter naturmangfaldlova § 48.

Forvaltningsplan


Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gir ikkje føringar for tilrettelegging knytt til Naturhuset, men følgjande står om Informasjon i kap. 4.3 UTFORDRINGAR OG PROBLEMSKILDRING:

«Informasjon har to særleg viktige formål: 1) informasjon om naturen generelt, om verneverdiar og kvifor ein verner området, 2) om korleis bruке og oppleve naturen i området. Informasjon skapar haldningars og forståing for naturverdiane. Utfordringa er å finne fram til stader og til måtar å informere på som best mogleg når dei som treng slik informasjon, og at denne gjev auka naturforståing og motiverer for naturvenleg framferd. Noko informasjon bør vere retta til alle, medan annan informasjon har ei bestemt målgruppe. Norsk Fjellmuseum og Utladalen Naturhus gjev god informasjon om verneverdiar og kva ein kan oppleve i Jotunheimen.»

Vidare står m.a. følgjande om undervisning under avsnittet «Forsking og undervistning»

«Undervising som formidlar kunnskap om naturmiljøet og naturvern og gjev auka forståing om naturvern er ønskjeleg når denne ikkje går ut over naturverdiane.»

Utladalen nasjonalparksenter ligg like innanfor grensa til landskapsvernombrådet. Forvaltingsplanen deler verneområdet inn i ulike soner etter grad av tilrettelegging, og gjennom differensiert forvalningspraksis tek ein sikte på å ta vare på områda markert med grønt på forvaltingsplankartet mest mogleg uforstyrra. Sonene gjeld både for tekniske inngrep og ulike aktivitetar.



Nasjonalparksenteret ligg i gul sone, brukssone teig 11. I forvaltingsplanen står m.a. følgjande om soneinndelinga: «*Med unntak av nokre mindre område definert som sone med spesiell tilrettelegging og inngrep, omfattar bruksona dei områda som ikkje er omfatta av urørt natur. Den overordna strategien for bruksona er at den tilrettelegginga som er der i dag kan haldast ved like eller fornyast. Utanom mindre justeringar/endringar skal det ikkje koma nye tiltak utover slike som er nemnde spesielt i planen*Dette er område der forsiktige tiltak, tilrettelegging og inngrep for det enkle friluftslivet kan tillatast, som merking av stiar og bygging av sjølvbetjente/ubetjente turlagshytter innanfor eit planlagt rutenett.»

Teig 11: Heimre Utladalen

«*Retningslinjer: .. Ved tilretteleggingstiltak og restaurering av byggverk og stiar skal tidlegare standard og utforming vere retningsgjevande..*»

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon evt. kan vurderast, men åpnar for tiltak som «ikkje stirr mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig». Begge vilkåra må vere oppfylt. Dispensasjon må heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styresmakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fanga opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal vurderast i alle dispensasjonssaker.

Presedens

Naturhuset i Utladalen fekk autorisasjon som besøkssenter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vinteren 2023/2024. Det er ingen andre tilsvarande saker som gjeld tilrettelegging for born og unge knytt til eit nasjonalparksenter, då Utladalen nasjonalparksenter er det einaste informasjonssenteret som ligg innanfor vernegrensene.

Vurdering

Naturhuset i Utladalen fekk autorisasjon som besøkssenter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vinteren 2023/2024. I autorisasjonen som besøkssenter er det sett krav til meir formidling retta mot born og unge, og det er behov for å gjera nokre mindre tiltak på uteområdet for å utvikle naturformidlingsopplegg og aktivitetar for denne aldersgruppa.

«Føremålet med tiltaka er å leggje til rette for å ta i bruk uteområde ved nasjonalparksenteret til meir aktivitet og formidling for born og unge. Tiltaka omfattar små tiltak, som enkelt kan fjernast eller flyttast på seinare. Alle tiltaka ligg i område som allereie er omfatta av skjøtsel og tilrettelegging på uteområdet vårt. Tiltaka omfattar ikkje riving eller varige endringar i naturen. Alle tiltak vert planlagd med naturmateriale.»

Tiltaket må vurderast etter naturmangfaldlova § 48, jf. avsnittet ovanfor om Verneformål – Forskrift. Ved vurdering av søknaden etter denne lovheimelen, må ein først ta stilling til om vilkåra er oppfylt. *Vilkåra føreset at tiltaket ikkje er i strid med føremålet med vernevedtaket og at det ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig.* Kva som må vurderast å vere i strid med verneformålet, må sjåast i samanheng med omfanget av tiltaket, arten og plasseringa vurdert opp mot verneformålet. Det kan berre gjevast dispensasjon dersom tiltaket ikkje «påverkar verneverdiane nemneverdig». Det vi seie at det kan berre dispensesast i dei tilfella tiltaket vil ha ubetydeleg eller avgrensa verknad for verneverdiane. I det følgjande blir det først gjort ei vurdering av kunnskapsgrunnlaget. Deretter blir det gjort ei vurdering av tiltaket opp mot verneverdiane.

Kunnskapsgrunnlaget er godt dokumentert (jf. naturmangfaldlova § 8), m.a. gjennom Naturbase og Framlegg til skjøtselsplan av 2013. Forvaltingsplanutkastet frå 2008 gjev ikkje føringar for fysisk tilrettelegging av uteområdet knytt til Naturhuset (no nasjonalparksenteret). Innanfor området der nasjonalparksenteret ønsker å legge til rette for born og unge med ein sitjebenk (Tiltak 1), er det ei slåtteeng som er kartlagt med verdi A, svært viktig. Slåtteenga utgjer naturmangfald som pregar landskapet og lokaliteten er også viktig for plantelivet/biologisk mangfald. Av Naturbase går m.a. følgjande vurdering av lokaliteten fram: *«..Landskapsøkologisk verdi er stor.. Engene på Skåri blir derfor vurdert som svært viktige (A).» Vidare står det m.a. under råd om skjøtsel og hensyn at «.. Den delen av den vestre teigen som no ikkje blir slått, og stadvis inneheld mange viktige naturengartar, blir restaurert for å berge naturkvalitetane. Her må det tynnast i tre- og busksjiktet og feltsjiktet må slåast årleg.»* I skildringa av arts Mangfaldet er dei styva seljene på den vestre enga trekt fram som viktige element, saman med styva linde- og almstre.

Dei planlagte tiltaka vil vera reversible, og dei er hovudsakleg planlagt i utkanten av den sårbare slåtteenga, med eitt unntak. Tiltak 1 med oppføring av ein sitjebenk rundt treet i slåtteenga er planlagt i sentrum av lokaliteten, jf. Kartavgrensing og bileta nedanfor.

Tilrettelegging for ferdsel midt i slåtteenga vil kunne vere uheldig med tanke på slitasje, og også av omsyn til det enkeltståande treet. Sjølv om ikkje denne delen av enga er den mest artsrike i dag, tilseier *«råd om skjøtsel og hensyn»* i skjøtselsplanen og naturbase at skjøtselen må halda fram. Det blir årleg sett av tiltaksmidlar til skjøtsel av lokaliteten, og ut frå råda om skjøtsel er det ønskeleg å auke kvaliteten i den vestre delen av slåtteenga. Med bakgrunn i føre-var-prinsippet vil det derfor vera ein fordel å unngå slitasje sentralt i lokaliteten, og vi tilrar at nasjonalparksenteret vurderer ei anna plassering av sitjebenken, t.d. i området ved sporstasjonen, langs Vettisvegen (jf. naturmangfaldlova § 9).



Tiltaka 1-7, samt naturstien er planlagt i området vest for Vettisvegen. Den røde streken viser avgrensinga av naturtypen som er kartlagt som slåttemarkt.



Treet står sentralt i lokaliteten som er avgrensa som slåtteeng. Tiltak 1, sitjebenk er plassert under treet.



Slåtteenga sett frå Naturhuset.

Store deler av areala kring nasjonalparksenteret er kartlagt som verdifulle område for biologisk mangfald, og er dermed også viktige verneverdiar. Samstundes er det i

autorisasjonen for besøkssenteret sett krav til meir formidling retta mot born og unge, og det er derfor behov for å legga til rette for born og unge på uteområdet. Slåtteenga grensar i vest til ein lokalitet som er klassifisert som edellauvskog som er lokalt viktig for biologisk mangfald. Tiltak 2-6 ligg hovudsakleg i grensa mellom slåttenga og denne edellauvskogen, tiltak 7 ligg utanom slåtteenga i randsona mot Vettisvegen. Naturstien ligg i utkanten/randsona av slåtteenga og er reversibel, og ferdselsteljaren vil også bli sett opp utanom slåtteenga.

Nasjonalparksenteret ligg innanfor landskapsvernombordet, og det er ikkje alternative areal for tilrettelegging utanfor verneområdet. Etter ei samla vurdering meiner vi omsøkt plassering av desse tiltaka er den einaste og beste plasseringa av nye tiltak for born og unge ute, av omsyn til både naturmangfaldet, verneformål og verneverdiar. Vi meiner derfor at tiltaket ikkje vil skape uheldig presedens. Med eit nasjonalparksenter innanfor landskapsvernombordet er det ønskje om auka besøk, og det er viktig å legge til rette for målgruppa born og unge. Sjølv om tilrettelegginga ved tiltak 2-6 vest for slåtteenga vil kunne medføre auka slitasje, er dette reversible tiltak som likevel er godt tilpassa landskapet og forholda på staden. Med dei vilkåra som blir sett for dispensasjonen, er den samla belastinga derfor vurdert til å vere akseptabel (naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning). Dersom tilrettelegginga fell ut av bruk, skal tiltaka fjernast og det skal ryddast opp (naturmangfaldlova § 11 om kostnadene ved miljøförringing skal berast av tiltakshavar). Med bakgrunn i opplysninga gitt i søknaden samanhælte med vurderingar av naturmangfaldet på staden, meiner vi at nasjonalparksenteret har funne den beste løysinga for tilrettelegging for born og unge i området og som medfører minst mogleg fotavtrykk i verneområdet (naturmangfaldlova § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar).

Oppsummering

Med bakgrunn i vurderinga ovanfor, kan vi ikkje sjå at tiltaka 2-7 vil påverke verneverdiane nemneverdig eller vere i strid med verneformålet, og vi meiner derfor det er grunlag for å gje dispensasjon til desse tiltaka. Tiltak 1 vil kunne medføre slitasje i slåtteenga, og vi tilrår derfor å finne ei anna plassering av benken utanom slåtteenga.

Konklusjon

Omsøkte tiltak blir vurdert som eit særskilt tilfelle sidan Utladalen Naturhus nyleg har fått autorisasjon som nasjonalparksenter. I autorisasjonen er det sett krav til meir formidling retta mot born og unge, og det er behov for å gjera nokre mindre tiltak på uteområdet for å utvikle naturformidlingsopplegg og aktivitetar for denne aldersgruppa. Etter ei samla vurdering meiner vi at det kan gjevast løyve til omsøkte tiltak 2-7, oppföring av ein benk (tiltak 1) utanfor slåtteenga, samt oppföring av ein ferdselsteljar nord for fjøsen på visse vilkår, jf. naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ. Det er lagt særleg vekt på at nasjonalparksenteret ikkje har alternative areal for tilrettelegging for born og unge utanfor landskapsvernombordet.